

Redaksjonelt

Europa-misjon

NMS har på sin generalforsamling i 1987 gitt Landsstyret grønt lys for å senda misjonærar til oppdrag i Europa. Så lite presise premisseane for vedtaket er, ser me no fram til at Misjonsselskapet gjer nærare greie for denne nye misjonen. Korleis verksemda er tenkt, korleis våre misjonærar sitt tilhøve vert til dei stadeigne europeiske kyrkjene med ansvar for evangeliseringa av nye oppveksande generasjonar i sine land. Generalsekretær Odd Bondevik har lova i eit fylgjande nummer av tidsskriftet vårt å ta opp både dette og den teologiske grunngjevinga for nyorienteringa i norsk ytremisjon.

NMS sitt Paris-arbeid dei siste åra er ikkje Europa-misjon. Tenesta mellom studentar og utflyttarar frå misjonslanda til storbyen i Europa er ein del av misjonsoppdraget i Afrika og på Madagaskar. Det kristne rådet på Madagaskar har i årevis før NMS sende sine studentmisjonærar, organisert slik kyrkjeleg teneste i Paris for sine landsmenn under opphold i Europa.

Visst finst det i dag heidningefolk i vår verdsdel. Visst er ansvaret for innvandrarane og framandarbeidarane noko kyrkja må ta på alvor. Vårt inntrykk er elles at kyrkja i Frankrike er komen lenger enn me her i landet i den slags Europa-misjon. Me må sjå i augo at nett me har vore sers lite initiativrike for å nå våre nye landsmenn både med menneskeleg hjelp og med evangeliet. Her ligg ei verkeleg stor utfordring rett utom dørstokken. Og her har *me* ansvar for Europa-misjonen. Dei mange unge med kall til misjon i vår verdsdel treng såleis ikkje reisa langt for å koma i arbeid.

Men kva med dei millionane i Europa som er komne så langt i sekulariseringsprosessen at dei er rekna som «heidningar» – ei stode som heller ikkje er ukjend i vårt eige land? På dette feltet er truleg land som Frankrike sers ille ute på grunn av det skarpe skiljet mellom stat og kyrkje alt frå revolusjonen sine dagar på 1700-talet. Men nett av den grunn har også kyrkjene der gjort og gjer fortsatt ein kjempeinnsats langt større enn me her i landet. Likevel vil truleg både Frankrike og kyrkjene i andre europeiske land vera takksame for hjelp med denne oppgåva frå kyrkjer med ledig kapasitet og mannskap.

Spørsmålet er berre om ytremisjonsselskap med si definerte oppgåve skal ta seg av mellomkyrkjeleg samarbeid i Europa. Mellom-

kirkelig råd for den norske kirke har ofte vore kritisert for einsidig å vera oppteke med politiske spørsmål. No har me eit lageleg høve til å gi Rådet ei reint kyrkjeleg utfordring ved å senda våre unge med kall til Europa-misjon, over til dette organet som alt steller med mellomkyrkjelege relasjonar, og som utan ny organisasjon og administrasjon kan senda dei unge dit det finst oppgåver dei er velkomne som medarbeidarar i europeisk indremisjon. Då kan ytremisjonen og NMS framleis gå til heidningefolka. Oppdraget der ute er nemleg på langt nær fullført. Ingen andre tek seg av den oppgåva. Der står me åleine med ansvaret. Skulle misjonskyrkjene me har vore med å byggja opp ein stad sjølv greia resten, får me gå til dei andre folka me til no har late venta på evangeliet.

Sjå elles våre synspunkt i NOTM nr. 1 om storbymisjon.